



Kultursjef Kristian ønskjer dei vel 30 speidarleiarane velkommen.

Onsdag ettermiddag var i overkant av 30 relativt nyutdanna speidarleiarar samla på bøkkarverkstaden på Rød. Dette var ei samling for dei i Hordaland krins som hadde gjennomført den eittårige speidarleiarutdanninga dei siste 5 åra. Det er vanlegvis 10-12 deltakarar kvart år, og det var såleis deltakarar frå 5 ulike kurs.

Samlinga er først og fremst av sosial karakter, og grunnen til at den vart arrangert no, er at det denne veka føregår ein stor speidarleir på Ænes. Denne samarbeider dei to krinsane Ryvarden og Hordaland om. Til saman deltar det 1200 speidarar på leiren. Av dei er 23 frå Kvinnherad, - frå troppen i Rosendal som høyrer til Ryvarden krins. Kristian Bringedal representerte og bar fram helsing frå kommunen under opninga av leiren sist laurdag.

I dag tok han mot speidarleiarane under samlinga på Rød. Han gav dei først ei orientering om historien til bøkkarverkstaden og bøkkaryrket ute på kaien. Etterpå tok han dei med inn på verkstaden der dei fekk meir informasjon.

Etter informasjonsøkta var det mat, mimring frå dei ulike kursa m.a. ved bruk av bilete og sosialt koseleg samvær. Dei koste seg skikkeleg og var storleg fornøgd med både plassen og maten, som var tapas frå Elins Matgleder.

Med på samlinga var også ein med tett tilknytning til Uskedalen, Endre Helland, son til Dag og Henny Helland. Han skal snart tiltre som dagleg leiar i Hordaland krins av Norsk speidarforbund. Då overtar han etter Jens Ivar Kleiven som hadde ansvar for denne samlinga. Han overtok etter Helland i 2010. Då hadde Endre Helland hatt jobben frå 2003. No er Helland altså tilbake.



[Frå informasjonsøkt på kaien. Endre Helland lengst til venstre i blått.](#)

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland